



Austevoll kommune

Møteprotokoll FORMANNSKAPET

Møtedato: 06.04.2010

Møtetid:

Kl. 15:00

Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN

Saksnr.:

037/10 - 050/10

Følgjande medl. møtte:	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp		
Jostein Blænes	”		
Renate Møgster Klepsvik	”		
Kjetil Østervold	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Jane Kirsti Stangeland	Ap		
Julie Eide Solbakken	H		
Kurt Frank	”		

Forfall meldt frå følgjande medl.:	Parti	
Christian Halstensen	Krf	

Møtleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møtte:	Rådmann Rolf Nøstdal og nestleiar osk Astrid Norunn Fagerbakke
Utlevert i møtet:	
Merknader:	Ingen
Innkalling:	Ingen

Underskrifter:

Helge Andre Njåstad
Ordførar

Jostein Blænes

Renate Møgster Klepsvik

Kjetil Østervold

Edvard Johs. Stangeland

Jane Kirsti Stangeland

Julie Eide Solbakken

Kurt Frank

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
037/10	GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 02.03.2010 OG 12.03.2010
038/10	POLITISK KVARTER
039/10	REFERATSAKER
040/10	INVESTERINGSREKNESKAP AUSTEVOLLSHALLEN
041/10	INVESTERINGSREKNESKAP AUSTEVOLL KUNSTGRASBANE
042/10	INVESTERINGSREKNESKAP BEKKJARVIK KUNSTGRASBANE
043/10	INVESTERINGSREKNESKAP HUNDVÅKØY KUNSTGRASBANE
044/10	KULTURBUDSJETTET - FORDELING AV FASTE TILSKOT OG TILSKOT ETTER SØKNAD
045/10	GEBYR ETTER NY MATRIKKELLOV - RABATT FOR STØRRE PROSJEKT
046/10	SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA
047/10	KARTLEGGING AV STRANDSONA I AUSTEVOLL MED EKSTERN HJELP. PROSJEKT: FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN. SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND.
048/10	FØREBELS FØRESEGN - KØYRING MED VASS-SCOOTER I AUSTEVOLL KOMMUNE. NYTT FORSLAG TIL TRANSPORTKORRIDOR OG OPPVISNINGSSOMRÅDE
049/10	LOKALT FOLKEHELSEARBEID - AVTALE MED FYLKESKOMMUNEN
050/10	LOKALSAMFUNNSUTVIKLING 2008- LYSSETTING

037/10: GODKJENNING MØTEBOK FORMANNSKAPET 02.03.2010 OG 12.03.2010

Vedtak:

Møtebøkene frå møte i formannskapet 2. og 12. mars 2010 vert godkjent slik dei ligg føre.

038/10: POLITISK KVARTER

Handsaming i møtet:

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik:

Kva er status for arbeidet med å sikre Torangsvågbrua?

Svar frå ordføraren:

Ordføraren svara at kommunen er blitt lova sikringsarbeidet i år. Skulle hatt det i fjor, men det stoppa opp grunna klage frå Fiskarlaget. Vil purre vegvesenet om framdrift i saka.

Spørsmål frå ordføraren:

Status for arbeidet med miljøplan.

Svar frå rådmannen:

Miljøplanen – tilbod frå 3 firma for å bistå til å utarbeida plan for å søkje midler.
Avklaring denne eller neste veke.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

039/10: REFERATSAKER

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

040/10: INVESTERINGSREKNESKAP AUSTEVOLLSHALLEN

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner rekneskapen for Austevollshallen.

041/10: INVESTERINGSREKNESKAP AUSTEVOLL KUNSTGRASBANE

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner rekneskapen for Austevoll kunstgrasbane.

042/10: INVESTERINGSREKNESKAP BEKKJARVIK KUNSTGRASBANE

Vedtak:

Austevoll kommune godkjenner rekneskapen Bekkjarvik kunstgrasbane.

043/10: INVESTERINGSREKNESKAP HUNDVÅKØY KUNSTGRASBANE

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Renate Møgster Klepsvik:

Oversendingsframlegg til rådmannen:

Austevoll Formannskap viser til at det pågår ein diskusjon med grunneigar i område vedk tiltak gjort i samband med bygging av banen. Formannskapet føreset at rådmannen held fram denne dialogen for å få til ein avtale for å få saka ut av verden. Evt kostnader i samband med dette forventes tatt av prosjektet og ikkje av kommunen sitt ordinære driftsbudsjett. Formannskapet forventer ein attendemelding når saka er avslutta.

Rådmannen si tilråding saman med oversendingsframlegget til rådmannen vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner rekneskapen for Hundvåkøy kunstgrasbane.

Austevoll Formannskap viser til at det pågår ein diskusjon med grunneigar i område vedk tiltak gjort i samband med bygging av banen. Formannskapet føreset at rådmannen held fram denne dialogen for å få til ein avtale for å få saka ut av verden. Evt kostnader i samband med

dette forventes tatt av prosjektet og ikkje av kommunen sitt ordinære driftsbudsjett. Formannskapet forventer ein attendemelding når saka er avslutta.

044/10: KULTURBUDDSJETTET - FORDELING AV FASTE TILSKOT OG TILSKOT ETTER SØKNAD

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

Fordeling av faste tilskot:

Løn til sekretær i Austevoll musikkråd - årleg kr. 28.000,-, pengane vert teke frå liv og lyst prosjektet

Liv og lyst kr. 156.000,-

Austevoll musikkråd kr. 28.000,-

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegg frå Julie Eide Solbakken.

Rådmannen si tilråding vart vedteken med 6 mot 2 røyster (Julie Eide Solbakken og Kurt Frank H).

Tilleggsframlegg til pkt. 3 frå Jane Stangeland

Det blir laga ei tilråding om fordeling av midlane etter kriterier som aktivitet, barn og ungdom (driftskostnader) og utvikling, lavterskel.

Det vart røysta over tilleggsframlegget som fekk 1 røyst (Jane K. Stangeland Ap).

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert sett av eit fast årleg tilskot til følgjande:

Liv og lyst prosjektet/Ymse	Kr	184 000	Løn til prosjektleiar, og ymse arrangement
Bergen og Omland Friluftsråd	Kr	58 400	Kontingent 4 gangar årleg (2010: kr 14619 pr gang)
Austevoll ASV	Kr	20 000	Tilskot gitt for å finansiera "Ung jobb".
Austevoll Røde kors (Bygdakino)	Kr	20 000	Husleigetilskot på kr 1800.- pr gang til leige av kultursal til framvisning film (2010 tal). Jmf formannskapssak.
Austevoll idrettråd	Kr	22 700	Årleg utbetaling gitt Idrettsrådet som fordeler midlane til alle medlemmane. Midlane er øyremerkta trenaropplæring.
Kulturpris	Kr	10 000	Årleg utdeling etter forslag frå innbyggjarane i Austevoll. Vedtak i formannskapet.
Ungdommens kulturmonstring, UKM	Kr	25 000	
Hundvåkøy idrettslag, Selbjørn idrettslag, Austevoll idrettsklubb	Kr	120 000	Vedlikehald av grasbane og kunstgrasbanar i Austevoll. Arbeidet vert utført av Austevoll ASV
Austevoll idrettsanlegg, eldre del.	Kr	58 300	Straumutgifter og renovasjon til Austevoll idrettsanlegg og klubbhuset. Parkeringsplass ungdomsskolen vert lyssett frå desse.

Austevollhallen	Kr	312 600	Straum og noko vedlikehald/reinhaldsartiklar til Austevollhallen. Symjebassenget ved Austevoll ungdomsskule vert varma opp av anlegget i Austevollhallen.
Storekalsøy museum	Kr	29 000	Utbetalt driftstilskot med kr 2417,- kr pr måned.
Storebø gamle skule	Kr	6 000	Utbetalt driftstilskot med kr 6000,- kr pr år.

Tilskota kan kome til å variere grunna budsjettsituasjon/ auke i driftsutgifter m.m.

2. Det setjast av kr 30.000 på budsjett 2010 til vedlikehalda av løpebane på Austevoll idrettsanlegg.
3. Kr 300 000 fordelt etter søknad til Austevoll kommune.

045/10: GEBYR ETTER NY MATRIKKELLOV - RABATT FOR STØRRE PROSJEKT

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommunestyre gjer formannskapet fullmakt å gje rabatt på større prosjekt der ein oppnår stordriftsfordeler med å gjennomføre alt i ein eingong framfor stykke vis og delt over mange år. Dette er samfunnsmessig fordel og difor kan formannskapet gje lågare samla gebyr.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Helge Andre Njåstad. Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre gjer formannskapet fullmakt å gje rabatt på større prosjekt der ein oppnår stordriftsfordeler med å gjennomføre alt i ein eingong framfor stykke vis og delt over mange år. Dette er samfunnsmessig fordel og difor kan formannskapet gje lågare samla gebyr.

046/10: SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Høgre v/Julie Solbakken:

Saka vert å ta opp til handsaming i samband med budsjett 2011.

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommune skal ha ein legebemanning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.

Austevoll kommunestyre vedtek at ein på sikt skal ha eit helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgsenter.

Austevoll kommunestyre vil planlegge det nye senteret i samband med innføring av samhandlingsreforma i Austevoll. Det vil vera mest framtidretta då eit nytt bygg vil kunne dekke fleire av dei behova som det ser ut til at kommunane må møte i samhandlingsreformen også behov for fleire legeheimlar i kommunane.

Austevoll Formannskap viser til at Stortinget for budsjettet 2010 har løyvd tilskotsmidlar til lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid. Formannskapet viser til at det søknadsfrist 7. mai og eit krav for søknaden at prosjektet skal vera forankra i kommunestyret. Formannskapet ber difor rådmannen om å leggje fram skisse til prosjekt til kommunestyret 27. april.

Framlegg frå Sp v/Edvard Johannes Stangeland:

Austevoll kommune skal ha ein legebemannning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær. Austevoll kommunestyre vedtek at ein på sikt skal ha eit helsesenter. Lokalisering av dette vert å koma attende til.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert sett ned ei arbeidsgruppe som på sikt kan arbeida med eit helsesenter i kommunen.

Austevoll kommunestyre gjer prinsippvedtak om å privatisere legane og ber rådmannen koma attende med konkret sak om det.

Det vart først røysta over framlegget frå Julie Eide Solbakken som fekk 2 røyster (Julie Eide Solbakken og Kurt Frank H).

Det vart så røysta over tilrådinga frå rådmannen som ikkje fekk røyster.

Deretter vart det røysta over framlegget frå Edvard Johannes Stangeland som fekk 1 røyst (Edvard Johannes Stangeland SP).

Til slutt vart det røysta over Helge Andre Njåstad sitt framlegg som vart vedteke med 6 mot 2 røyster (Edvard Johannes Stangeland SP og Julie Eide Solbakken H).

Vedtak:

Austevoll kommune skal ha ein legebemannning slik at den normale vaktbelastning er 5 delt vakt. Det tilsetjast ein ny lege frå vinteren 2011 under føresetnad av at kontorforholda er på plass.

Ved behandling av budsjett 2011 er det som mål å få auka stillingsheimel for legesekretær.

Austevoll kommunestyre vedtek at ein på sikt skal ha eit helsesenter i tilknytning til Storebø pleie- og omsorgsenter.

Austevoll kommunestyre vil planlegge det nye senteret i samband med innføring av samhandlingsreforma i Austevoll. Det vil vera mest framtidsretta då eit nytt bygg vil kunne dekke fleire av dei behova som det ser ut til at kommunane må møte i samhandlingsreformen også behov for fleire legeheimlar i kommunane.

Austevoll Formannskap viser til at Stortinget for budsjettet 2010 har løyvd tilskotsmidlar til lokalmedisinske sentra og kommunesamarbeid. Formannskapet viser til at det søknadsfrist 7. mai og eit krav for søknaden at prosjektet skal vera forankra i kommunestyret. Formannskapet ber difor rådmannen om å leggje fram skisse til prosjekt til kommunestyret 27. april.

047/10: KARTLEGGING AV STRANDSONA I AUSTEVOLL MED EKSTERN HJELP. PROSJEKT: FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN. SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND.

Vedtak:

Formannskapet løyver kr 35.000.- til Austevoll kommune si del av det felles arbeidet som skal gjerast med kartlegging av status i den einskilde kommune i prosjektet "Forvaltning av strandsona langs sjøen i Sunnhordland". Midlane vert å hente frå Næringsfondet.

048/10: FØREBELS FØRESEGN - KØYRING MED VASS-SCOOTER I AUSTEVOLL KOMMUNE. NYTT FORSLAG TIL TRANSPORTKORRIDOR OG OPPVISNINGSSOMRÅDE**Vedtak:**

Austevoll kommune har vurdert merknadane/ svara til uttalepartane, og vedtek førebels føresegn- køyring med vass-scooter i Austevoll kommune med dei endringane som no ligg føre. Området vil verte teke med i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen under rulleringa.

Bakgrunn:

Formannskapet handsama sak om førebels føresegn- køyring med vass-scooter i Austevoll kommune, i møte den 19.11.09.

Etter uttalefrista gjekk ut, kom det merknader frå følgjande:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Fiskeridirektoratet, reg. vest
- Sjøfartsdirektoratet – ingen merknad
- Kystverket Vest
- Austevoll Idrettsråd
- Styret i Austevoll Seglforening
- Lensmannen i Austevoll

Følgjande endringar er gjort:

Punkt 2 i føresegna: Det føreslegne oppvisningsområdet er flytta til eit stykke nord for Indreholmen, sjå vedl. karts-kisse.

Punkt 3 i føresegna: Transportkorridor. Det er sett av 1 slik korridor. Denne går frå Makkhamn og kortaste vegen langs landet, og til øvingsområdet. Sjå vedl. karts-kisse.

Punkt 4 i føresegna: Som eit siste avsnitt vert det teke med: *" All bruk av øvingsområdet, transportkorridoren og oppvisningsstaden krev løyve frå kommunen, jfr. punkt 6. "*
Kommunen vil dermed sørge for at det ikkje føregår vass-scooterkøyring i tidsrommet når det vert arrangert NM eller KM i regi av Austevoll Seilforening.

Punkt 5 i føresegna: Her vil vi etterkomme lensmannen sitt ynskje: *" På søndagar og andre heilagdaggar vert det ikkje tillete køyring mellom kl. 06.00 og 13.00. "*
Det vert samstundes presisert i forenkla tekst: *"Eit løyve gjeld for ein scooter, og vert gjeve for eit år av gangen. Ein klubb kan t.d. søkje om fleire løyve samstundes, men også her er det krav at løyva gjeld i eit år."*

Når det gjeld innvendingane frå Austevoll Idrettsråd og Austevoll Seglforening meiner kommunen at eit samarbeid mellom dei ulike aktørane innan idretten er rette vegen å gå. Ved å ha ein open kommunikasjon mellom laga, så slepp ein ein konfliktar som Austevoll Seglforening skisserar i sitt svarbrev til kommunen.

049/10: LOKALT FOLKEHELSEARBEID - AVTALE MED FYLKESKOMMUNEN

Vedtak:

Formannskapet godkjenner avtalen med Hordaland fylkeskommune for å inngå partnerskap innafor folkehelse med fylkeskommunen og dra nytte av den kompetanse og dei tilskotsordningar som finst regionalt.

050/10: LOKALSAMFUNNSUTVIKLING 2008- LYSSETTING

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Helge Andre Njåstad:

Austevoll kommunestyre vedtek at det vert bevilga kr 300.000.- for vidare utbygging av parken på Storebø og andre tilhøyrande areal som er kommunen sin eigedom på Storebø. Midlane skal nyttast til vidare utvikling av leikeområdet, til gangstiar, belysning og beplantning i området. Beløpet belastast investeringsfondet.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Helge Andre Njåstad. Framlegget vart samrøystes vedteke.

FSK-050/10 Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at det vert bevilga kr 300.000.- for vidare utbygging av parken på Storebø og andre tilhøyrande areal som er kommunen sin eigedom på Storebø. Midlane skal nyttast til vidare utvikling av leikeområdet, til gangstiar, belysning og beplantning i området. Beløpet belastast investeringsfondet.